



**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**

REGIONALAVDELINGA
Seksjon for plan - REG AVD

Lindås kommune
Kvernhusmyrene 20
5914 ISDALSTØ

LINDAS KOMMUNE	
Klassering	
1. 04. 2016	
Ark saksnr	Løpnr
4/2898	
Saksh	Tilgangskode

Dato: 21.03.2016
Vår ref.: 2015/10392-11
Saksbehandlar: HANVIE_
Dykkar ref.: 14/2898 - 16/4940

Att. Trine Haukås

Fråsegn til 3.gangs høyring av reguleringsplan for Fv 404 Kvamme – Fossevatnet, planID 1263-201112

Vi viser til brev datert 25.02.2016 om 3. gongs høyring av forslag til detaljregulering for Fv 404 Kvamme-Fossevatnet, planID 1263-201112, Lindås kommune. Hovudføremålet i planen er veg. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan der området er sett av til veg. Reguleringsplanen låg ute til 1. gongs høyring i 2012, og til 2. gongs høyring i november 2015.

Hordaland fylkeskommune gav fråsegn til planen ved 2. gongs høyring i brev datert 26.11.2015. I fråsegna hadde Hordaland fylkeskommune merknader til planen når det gjaldt kulturminne og kulturmiljø.

Hordaland fylkeskommune vurderer no 3. gongs høyring av reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar. For utfyllande planfaglege råd viser vi til internettsidene våre: www.hordaland.no/plan/startpakke.

Vurdering

Kulturminne og kulturmiljø

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne som kjem i direkte konflikt med utviding av Fv 404, men delar av planområdet på Ytre Fosse går delvis inn i omsynssone c) bevaring av kulturmiljø. Sidan vegutbygging er eit samfunnsviktig tiltak, og planen ikkje kjem i direkte konflikt med automatisk freda kulturminne, har vi ingen avgjerande merknad i høve automatisk freda kulturminne. Det er positivt at dokumentasjon av den SEFRAK-registrerte løa på gnr. 146, bnr. 7 er sikra gjennom planføresegner under pkt. 1.4. Dette punktet skal også sikre omsyn til andre SEFRAK-registrerte bygg og nyare tids kulturminne i det aktuelle området i anleggsperioden.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert.

Konklusjon

Hordaland fylkeskommune har ingen vesentlege merknader til planforslaget.

Eva Katrine R. Taule
kst. Plansjef

Hanne Kathrin Vie
saksbehandlar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Saksbehandlar:

Hanne Kathrin Vie, Planseksjonen, Regionalavdelinga

Gunhild Raddum, Transportplanseksjonen, Samferdselsavdelinga

Monika Cecylia Serafinska, Fylkeskonservatoren, Kultur og idrettsavdelinga

Inger Lena Gåsemyr, Fylkeskonservatoren, Kultur og idrettsavdelinga

Kopi til:

Statens vegvesen - Region Vest